

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

2015 1432-373

Ordfører
Sakshandsamar:
Jarle Aarvoll
Tlf: 57 62 96 09
Mobil:
Vår ref.
15/1631-3
Arkiv
U60
Dykkar ref.

Dato
12.05.2015

Høyring - framlegg i heilagdagslovaom å tillata søndagsopne butikkar

Kommunestyret har i sak 10/15 gjort fylgjande vedtak:

Sogndal kommune ynskjer ikkje søndagsopne butikkar av mange samansette årsaker.

Vi meiner det er viktig at det er ein dag i veka som ikkje er som alle andre. Ein dag dei fleste har fri og kan gjere andre ting enn å handle. Både kundar og tilsette bør ha ein dag fri frå handel. Søndagsopne butikkar vil etter vår vurdering føre til dyrare varer, fordi den ekstra lønskostnaden med å halde ope søndagar må reknast inn i vareprisen. Det vil ikkje bli meir handel, men handelen vil bli fordelt over fleire dagar.


Dei store organisasjonane NHO, Virke og LO er imot søndagsopne butikkar. Ulike meiningsmålingar viser at folk ikkje ynskjer denne endringa, vi kan med fordel lytte til folket. Friviljug arbeid har stor aktivitet på søndagar, og opne butikkar på denne dagen vil føre til at mange ikkje får ta del i det friviljuge arbeidet. For familielivet og folkehelsa til folk generelt vil det vere viktig at vi har søndagen som ein felles fridag for flest mogleg. Søndag som m.a. turdag er viktig.

Venstre ynskjer at kommunane sjølve skal få bestemme om dei vil tillate søndagsopne butikkar. Denne sjølvråderetten ynskjer vi ikkje. Kva om andre handelsregionar vil halde ope, eller om nabokommunar vil halde ope? Kva val har ein då reelt. Då vil ein indirekte bli tvungen til å halde ope for at det ikkje skal bli konkurransevriding.

På søk etter fordelene med søndagsopne butikkar er vi overraska over at vi ikkje finn positive sider ved forslaget.

Sogndal kommune konkluderer eintydig i vårt høyringssvar at vi ikkje ynskjer søndagsopne butikkar av nemnde årsaker.

Med helsing



Jarle Aarvoll
ordfører